

PLANSKILDING – Plan Id 1263

Reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde

Endring av reguleringsplan



28.5.2013

Lindås kommune og Austrheim kommune

Innhald


1	Bakgrunn og føremål med endring og utviding av reguleringsplan	3
2	Medverknad - prosess	4
3	Konsesjonssøknad ny 300 kV (420 kV) Mongstad - Kollsens og Modalen – Mongstad	6
4	Gjeldande planstatus og overordna retningslinjer	8
4.1	Nasjonale føringar	8
4.2	Regionale føringar	8
4.3	Planstatus	8
4.4	Reguleringsplanar under arbeid i området	9
4.5	Gjeldande reguleringsplanar	9
5	Dagens situasjon	13
6	Skildring av planforslaget	16
6.1	Arealbrukstabell	<i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i>
6.2	Byggeføremål (rammer, utnyttingsgrad, byggehøge, type)	16
6.3	Trafikkareal	16
6.4	Vatn og avløp, teknisk infrastruktur	16
7	Konsekvensar av planframlegget	17
7.1	Overordna planar og vedtak	17
7.2	Landskap	17
7.3	Tilhøve til nabo (utsikt, innsyn, soltilhøve, inngrep)	18
7.4	Landbruk	18
7.5	Kulturminne	18
7.6	Strandsone, natur, friluftsliv	18
7.7	Trafikk	19
7.8	Miljø, forureining, støy og inngrep	19
7.9	Vatn og avløp	19
7.10	Risiko og sårbarheit	19
8	Skildring av endringar	29
8.1	Plankart	29
8.2	Reguleringsføresegner	29
9	Merknader til varsel om oppstart med kommentarar	30
9.1	Oversikt	30
9.2	Uttale frå offentlege instansar:	30
9.3	Uttale frå private:	32
10	Vedlegg	34

1 Bakgrunn og føremål med endring og utviding av reguleringsplan

Statoil ASA har erverva gnr. 127 bnr. 123 i Lindås kommune og gnr. 128 bnr. 19 i Austrheim kommune. Eigedomen i Lindås kommune omfattar Stormyra og åssida opp mot Litlås fjellet og er på om lag 600 daa. Eigedomen i Austrheim kommune er på om lag 20 daa og omfattar deler av Leirvågen. Reguleringsplan for industriområde Mongstad Nordre del er utvida med desse eigedomane.


Formålet med reguleringsendringa er å legge til rette for meir næringsareal i Lindås kommune og utvide grønstrukturen som grensar til industriområde i Austrheim kommune. Innanfor utvida område i Lindås kommune har ein sentral del av planarbeidet vore å finne eigna areal til BKK Nett sin nye 420/132/22 kV transformatorstasjon. Planen skal i tillegg fastsetje grad av utnytting, interne vegløyser og avgrensing av grøntstruktur. Det er og gjort mindre justeringar i avgrensing av industriområde og plassering av vegar i gjeldane reguleringsplan. Planen erstattar reguleringsplan for industriområde Mongstad, Nordre del (Plan-id 1263-23012006). Arealføremål og føresegner er oppdatert i samsvar med dagens plan- og bygningslov.

Statoil ASA er grunneigar og forslagstillar for reguleringsendringa, og planfagleg konsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.



2 Medverknad – prosess

Oppstart av planarbeidet vart varsla i brev av 6.7.2011 til naboar og offentlege høyringsinstansar og med kunnjingering i avisene Bergens Tidende, Nordhordland og Strilen 9.7.2011. Frist for å kome med merknader vart sett til 1. september 2011.



I Lindås kommune grensar utvida planområde til eksisterande samanbindingsveg i nordaust og ny framtidig veg frå Hope i tunnel gjennom Litlåsåsen i aust. Vegarealet til desse vegane vert regulert i tilgrensande planar for Storemyra Næringspark og Storhamn Mongstad. Langs Litlåsåsen i sørvest følgjer plangrensa eigedomsgrensa.

I Austrheim kommune er eigedomsgrensene for gnr. 128 bnr. 19 og 23 som er lagt til grunn for planavgrensinga.

Det har i planprosessen vore vurdert å innlemme gnr. 128 bnr. 12 og 68 i Austrheim kommune i reguleringsplanen. Desse er eigd av Statoil ASA og inneheld mellom anna brakker for overnatting. Det er ikkje planar om endra bruk av dette området, dei vart difor ikkje innlemma i reguleringsplanen.

Det er avholdt undervegs møte med Lindås kommune 25.11.2011 og avklaringsmøte med Austrheim kommune 15.11.2011.

Planframlegget omfattar eit svært avgrensa areal i Austrheim kommune. På bakgrunn av dette vart det i samråd med Austrheim kommune avgjort at det ikkje var trong for å avholde eige oppstartmøte med kommunen. Kommunen er i staden orientert om planarbeidet per telefon og e-post og har fått tilsendt varslingsbrevet i samband med oppstart av planarbeidet.

Det har vore tett dialog med BKK Nett undervegs i planarbeidet i samband med lokalisering av ny transformatorstasjon. Det er gjennomført synfaring saman med representantar frå BKK og Statoil ASA og det er avholdt fleire møte for å finne ei lokalisering som er egna til å stetta BKK sine krav i forhold til linjeføring og vegtilkomst.

Det har undervegs i planprosessen vore samarbeid mellom ABO Plan og Arkitektur og Multiconsult for å koordinere reguleringsplan for Mongstad Statoil industriområde med tilgrensande reguleringsplanar for Storemyra Næringspark og Storhamn Mongstad.


3 Konesjonssøknad ny 300 kV (420 kV) Mongstad - Kollsnes og Modalen – Mongstad

BKK søkte i oktober 2007 konesjon for ei ny kraftleidning mellom Mongstad i Lindås og Kollsnes i Øygarden. Saman med den planlagde leidningen Modalen-Mongstad vil den sikra straumforsyning til Kollsnes og resten av Bergensområdet.

Konesjonssøknaden inneheldt fleire ulike trasear. NVE la i januar 2011 fram ei innstilling til Olje- og energidepartementet (OED). Denne innstillinga har vore på høyring. Som eit resultat av høyringsprosessen, synfaringar og diverse møte har OED bedt om at fleire løysingar vert vurdert.

BKK har søkt om tilleggskonesjon for desse alternative løysingane. Dei nye alternativa inneber at det ikkje er aktuelt å utvide eksisterande transformatorstasjon. Søknaden omfattar difor alternativ plassering av ny transformatorstasjon i staden for tidlegare omsøkt utviding av eksisterande transformatorstasjon på Mongstad.

Kongen i statsråd avviste 1. mars 2013 klagane på konesjonsvedtaket for ny 300(420)kV kraftleidning frå Kollsnes i Øygarden til Mongstad i Lindås av 22. juni 2012. Dermed er konesjonsvedtaket frå juni 2012 endeleg.



Figur 1 Detaljkart for konsesjonsgitt alternativ. Ny transformatorstasjon er vist med grønt omriss.

4 Gjeldande planstatus og overordna retningsliner

4.1 Nasjonale føringar


- St.meld 26 (2006-2007) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging T-1497, 2011
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging T-1442
- Storlulukkeforskrifta (FOR 2005-06-17 nr 672)

4.2 Regionale føringar

- Krav og forventningar til beredskapsomsyn i planlegginga
- FylkesROS Hordaland
- Fylkesdelplan for klima og energi
- Fylkesdelplan for kulturminne
- Regionale friluftsområde i Hordaland


4.3 Planstatus

I Austrheim kommune omfattar planarbeidet noverande næringsområde i kommuneplanen.



Útsnitt kommuneplan Austrheim

I Lindås kommune er området i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad dels sett av til eksisterande område for næringsverksemd og dels framtidig område for næringsverksemd. Arealet sørvest for framtidig næringsområde (N-2) er sett av til LNF-område og er bandlagt etter Kulturminnelova. Delar av dette arealet er og vist som område der det skal takast særleg omsyn til landskap og friluftsliv.



Utsnitt Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Område som er innlemma i reguleringsplanen er vist med raud stipla strek.

Eksisterande næringsområde N1 skal prioriterast for tung industri som prosessindustri, petrokjemisk industri og delområde øst for noverande sambindingsveg skal prioriteras for industri med behov for hamnetilknytning.

Kommunedelplanen viser ein framtidig veg langs Litleåsen mellom Statoil Monstad og Mongstad Base. Den viser også ein tverrforbindelse frå eksisterande samanbindingsveg til framtidig veg og vidare i tunnel gjennom Litleåsen til RV 57 ved Hope.

4.4 Reguleringsplanar under arbeid i området


4.5 Gjeldande reguleringsplanar

Planframlegget overlappar med gjeldande reguleringsplan for Mongstad industriområde, deler av (Plan-id 1263-20062002) mot nordaust og reguleringsplan for Mongstad sør – utviding av industriområde (Plan-id 1263-200709) mot søraust. Det overlappende arealet vert erstatta av reguleringsplan for Mongstad industriområde.

Området nordaust for utvidinga av reguleringsplanen for Mongstad industriområde i Lindås kommune var regulert i reguleringsplanen «Mongstad industriområde, deler av» (Plan id: 1263-20062002) vedtatt 20.6.2002.

Planframlegget grensar mot to andre nyleg vedtatte reguleringsplanar i aust. Reguleringsplan for Storemyra Næringspark (Plan-id 1263-201110) og Storhamn Mongstad (Plan-id 1263-201102).

Planarbeida er koordinert i planprosessen.




Figur 1 Utsnitt reguleringsplan for "Mongstad industriområde, deler av". Raud stipla strek viser område som inngår i reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde.

Deler av denne planen er revidert i 2010, men dette er areal på nordaustsida samanbindingsveg. Som det framgår i tekst nedanfor frå omtalen av planen er deler av planen utelatt fordi denne skal innarbeidast i Reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde.


«Plangrensa er justert i nordvest. Eit område er her tatt ut av planen då dette inngår i tilgrensande reguleringsplan for Mongstad industriområde, nordre del, plan-id 1263-23012006 (Statoil-planen). Endring av denne planen var på høyring 24.06.-01.09.2009, og er no under slutthandsaming i kommunen. I sør er planområdet redusert slik at den delen som omfattar industriområdet I2 er tatt ut, dette området har skifta eigar og vil henge saman med Statoil sitt område. Kommunen ønskjer at dette området vert planlagt i samanheng med resten av dei uregulerte områda til Statoil.»

Formålet i planen er byggeområde for næring/kontor/industri og grøntstruktur.



Figur 3 Revidert reguleringsplan for « Industriområde Mongstad», (tidlegare «Mongstad industriområde, deler av») (Plan id 1263-20062002).

Område søraust i det utvida område er regulert i reguleringsplanen «Mongstad sør – utviding av industriområde» Plan id: 1263-200709 vedtatt 10.5.2007. Reguleringsplanen omfattar føremåla industri/lager og parkbelte i industristrøk.



Utsnitt av reguleringsplan for Mongstad sør – utviding av industriområde. Raud stipla strek viser område som inngår i reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde.

Langs Litlåsåsen i sørvest grensar planområdet til private eigedomar. Eit areal satt av til framtidig industriområde N2 i Kommunedelplanen er ikkje regulert tidlegare. I Austrheim kommune er det nye arealet ikkje regulert tidlegare.

5 Dagens situasjon

Nye eigedomar som inngår i reguleringsplanen er gnr. 127, bnr. 123 mfl. i Lindås kommune og gnr. 128, bnr. 19 og 23 i Austrheim kommune. Grunneigar er Statoil ASA.

Skildringa av dagens situasjon omfattar med unntak av veg og trafikkforhold berre nytt areal.

Veg og trafikkforhold


Tilkomst til planområdet er via Rv 57 enten nord for industriområdet eller via tilkomstveg frå sør ned til Storemyra. Storemyra er samanbindingsveg mellom Mongstad sør og Mongstad nord. Samanbindingsvegen vert i hovudsak nytta til intern trafikk.

ÅDT på Rv 57 forbi Mongstad er 4400.

I Lindås kommune:

Landskap

Området i Lindås kommune består av eit lågareliggende myrområde mot nordaust (Storemyra) med eit skogområde i aust. Mot sørvest er eit område med snaumark og noko skog. Området har innslag av kystlynhgei. Desse to areala er avskilt av ein markert skrent. Mot søraust er planlagt ny veg under Litåsfjellet frå Hope grense for det utvida planområdet. Planområdet vendar seg ut mot Fensfjorden. Terregnet er gradvis fallande frå Litlåsåsen og heile vegen ut mot fjorden. Landskapet langs fjorden er allereie sterkt prega av den etablerte industriverksemda på Mongstad.



Arealfordeling gnr. 123 bnr. 127, Lindås kommune (Kjelde: Skog og landskap)

Det ligg tre høgdebasseng for prosessvatn og drikkevatt nordvest i området med ein tilførselsveg fram til desse, Tårnvegen. I tillegg går det fleire høgspenteleidningar gjennom området. Ut over dette er området urørt.

Naturmiljø

Det er ingen registrerte naturverdiar innanfor dette arealet.

Friluftsliv

Litlåsåsen er ikkje registrert som eit regionalt område for friluftsliv men vert nytta til turgåing lokalt. Området som vert nytta strekkjer seg frå toppen av Litlåsåsen og i vestlig retning ned mot busetnaden og ligg i hovudsak utanfor planområdet.

Kulturminne

Store delar av Litlåsåsen er bandlagt etter kulturminnelova. Det ligg tre automatisk freda kulturminne i området, to gravminne og eit gravfelt. To av desse ligg innanfor planområdet. Den eine vart avdekka av nye undersøkingar i samsband med planarbeidet og ligg ca 80 meter søraust for tidligare registrert gravminne. Gravrøysa ligg på ein låg åsrygg i bjørkeskog, er 7 x 3,5 m stor og ca 50-60 cm høg (ID 155066-1). Gravminna har status som automatisk freda.

Annen teknisk infrastruktur

For vann og avlaup sjå vedlagt VA-rammeplan. Det går fleire høgspenlinjer gjennom området. Høgspenlinjene er påført plankartet med faresone.

Privatrettslige bindingar


Det er ingen kjente privatrettslege bindingar som vil vere til hinder for planframlegget.

Tilgrensande arealbruk

Tilgrensande areal mot søraust og nordaust er i hovudsak regulert til industriføremål. Store delar av areala er førebels ikkje teken i bruk til industriføremål og består i dag av skog og myrområde. Langs Litlåsåsen i sørvest grensar planområdet til private eigedomar. Tilgrensande arealbruk her er i hovudsak skog og noko innmarskbeite.

I Austrheim kommune:

Området i Austrheim kommune omfattar to eigedommar (gnr. 128 bnr. 19 og 23) der det er oppført eit bustadhus og eit uthus. Arealet er relativt flatt og heller svakt mot sjø i nord. Området består i hovudsak av fulldyrka jord og skog av høg bonitet. Det fulldyrka arealet vert slått av nabo.



Arealfordeling gnr. 128 bnr. 19 og 23, Austrheim kommune (Kjelde: Skog og landskap)

Det er ingen registrerte naturverdiar eller friluftssinteresser innanfor arealet. Eigedommen har vore nytta til privat bustad og har ikkje vore tilgjengeleg for allmenta.

Det er registrert ei båtstø på austsida av Dyrøyvågen i Askeladden. Denne er ikkje freda. Bustadhuset er SEFRAK-registert som annan SEFRAK bygning.

Privatrettslige bindingar

Det er ingen kjente privatrettslege bindingar som vil vere til hinder for planframlegget.

Tilgrensande arealbruk

Tilgrensande arealbruk er i hovudsak skog. Område mot sjøen i nord består av eit strandområde bebygd med to naust.

6 Skildring av planforslaget

Planområdet er på om lag 6250 daa.

6.1 Byggeføremål (rammer, utnyttingsgrad, byggehøge, type)

Hovudføremåla som inngår i planen er industri, energianlegg og grøntstruktur.

Industriområde er delt opp i 8 delområde fordelt på ulike nivå.

Det er i planarbeidet lagt vekt på å finne eigna lokalisering for BKK Nett sin nye 420/132/22 kV transformatorstasjon med tilhøyrande vegframføring som tilfredsstillir BKK sine krav til dimensjoner og linjeføring.

6.2 Trafikkareal

Løysing for vegsystemet på Mongstad er koordinert med reguleringsplan for Storemyra Næringspark og Storhamn Mongstad.

Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad legg opp til tilkomstveg frå Hope i tunnel gjennom Litlåsåsen (V-2) og ny tilkomstveg frå sør (V1). Tunnel og veg fram til dagens tilførselsveg er lagt inn i tilgrensande reguleringsplan for Storemyra Næringspark. I arbeidet med reguleringsplanane har ein funne det tilstrekkeleg med ein hovudadkomst i sør til Mongstad Base frå Hope via tunnel under Litlåsen. Ein hovudadkomst i nord til Statoil Industriområde på Mongstad frå Mongstadkrysset. Ny tilkomstveg frå sør (V1) er ikkje vidareført i reguleringsplanen. Dette er i samsvar med tilgrensande reguleringsplan for Storemyra næringsområde der Multiconsult i samråd med kommunen er komen fram til at det er tilstrekkelig å oppgradere eksisterande samanbindingsveg i staden for å etablere ein ny.

Eksisterande samanbindingsveg mellom Statoil og Mongstad Base vil bli oppretthaldt som ein intern veg for verksemdene, men det må vere høve til å innføra restriksjonar for offentlig trafikk ved ei eventuell utviding av prosessområde på Mongstad. Offentleg trafikk kan da nytta RV 57.

Det er regulert ei rundkøyring i tilgrensande plan for Storemyra Næringspark som sikrar tilkomst til Statoil sitt industriområde frå aust.

6.3 Vatn og avløp, teknisk infrastruktur

Det er utarbeidd eigen VA-rammeplan for området.

Det går høgspenlinjer gjennom området i dag. Når val av trase for ny linje frå Mongstad – Kollsnes og Mongstad – Modalen er avgjort vil det bli etablert ei ny høgspenlinje via ny transformatorstasjon. Nødvendige sikringssonar for høgspen med alternative linjeføringar er sett av i planframlegget i samråd med BKK.

7 Konsekvensar av planframlegget

7.1 Overordna planar og vedtak

Planen er i samsvar med kommuneplanens arealdel for Austrheim kommune. Planen er også i samsvar med Kommunedelplan for Lindåsneset med unntak av at sammenbindingsveg V1 ikkje vert vist i planforslaget. Vegar i området vert hovudsak nytta internt for industriverksemdene på Mongstad og denne type trafikk vert oppretthalde på eit utbetra eksisterande vegnett.

KU-vurdering

Planarbeidet er i samsvar med overordna plan og omfattar i hovudsak areal tidlegare regulert til næring/industri og parkbelte. Utvidinga av reguleringsplanen er samla sett om lag 620 daa. Deler av N2, sett av til framtidig næringsverksemd, om lag 130 daa er ikkje regulert tidlegare.

Planarbeidet fell ikkje inn under tiltak nemnt i vedlegg I i KU-forskrifta og utløyser ingen av kriteria i § 4 punkt a til k. På grunnlaget av dette er planarbeidet vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Der er i samsvar med målsettinga i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad å legge til rette for ei utviding av næringsarealet på Mongstad. Å legge til rette for auka næringsaktivitet er også i samsvar med nasjonale målsettingar nedfelt i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging T-1497).

For dei områda der reguleringsplanen overlappar med gjeldande reguleringsplanar erstattar reguleringsplanen for Statoil Mongstad desse heilt eller delvis.

7.2 Landskap

I Austrheim vil utvidinga av planområdet i liten grad påverke landskapet.

Det utvida arealet i Lindås kommune ligg nært Litlåsåsen som er eit viktig landskapselement. Det er lagt vekt på å overhalde føringa i kommunedelplanen om at utbygging i N-2 ikkje skal bryte med horisonten over Litlåsåsen sett frå Hope og Keilen. Industriområde IND 8 like sør for transformatorstasjon og område for transformatorstasjon skal planerast ned til ca. kote + 65 meter. Høgdedraget sørvest for området – Litlåsåsen har varierende høgde frå kote + 90 til + 100 meter. Dette kombinert med krav til maksimal byggehøgde på +85 meter sikrar at utbygginga i området ikkje vil bryte med horisonten sett frå Hope og Keilen. I tillegg er det regulert eit område med grøntstruktur mellom industriområde og toppen av Litlåsåsen. Kombinasjonen med regulert grøntstruktur og føringar for byggehøgde og planeringsnivå gjer at planforslaget blir vurdert til å ikkje medfører negative landskapsmessige konsekvensar for områda sør og vest for Litlåsåsen.

Det nye industriområdet ligg i eit landskapsrom på nordaustsida av Litlåsåsen som i stor grad er påverka av etablert industri. Industriområde er inndelt i 8 område som ligg på ulike nivå i terrenget. Området for transformatorstasjon og industriområde IND-8 ligg høgare i terrenget enn industriområdet elles. Ei tilrettelegging av dette området krev store inngrep og vil lokalt ha negative verknader for landskapet. Området skal sprengast ned til kote + 65, noko som vil medføra skjeringar inn mot Litlåsåsen på mellom 10 og 15 meter. I tillegg må det etablerast fylling i austleg del av område for transformatorstasjon. Området ligg ca 1,4 km frå sjøen. Avstanden frå sjøen og området lokaliserings i bakkant av eit større etablert industriområde gjer fjernverknadane av inngrepa vert vurdert som moderate.

7.3 Tilhøve til nabo (utsikt, innsyn, soltilhøve, inngrep)

Naboar til området er lokalisert på sørvestsida av Litlåsåsen. Utvidinga av industriområde er innafør område sett av til framtidig næringsverksemd. Liltåsåsen er beheldt som grøn buffer mot vest i samsvar med overordna plan og det er lagt vekt på å overhalde føringa i kommunedelplanen om at utbygging i N-2 ikkje skal bryte med horisonten over Liltåsen sett frå Hope og Keilen. Planframlegget vil difor ikkje føra til innsyn eller tap av utsikt for naboar og fører heller ikkje til endra soltilhøve.

Utvidinga av grønstrukturen i Austrheim kommune får ingen konsekvens for naboar i forhold til utsikt, innsyn, soltilhøve eller inngrep. Dette området vil bli liggande som grøntområde som i dag.

7.4 Landbruk

I Austrheim kommune omfattar planen 2,4 daa fylldyrka jord og 2,6 daa skog av høg bonitet. I Lindås kommune er det 20 daa skog av sær s høg bonitet og 57 daa skog av høg bonitet som ligg innanfor området. I begge kommunar er arealet sett av til noverande eller framtidig næringsføremål. Areala er avgrensa i storleik og er vurdert til å ha liten verdi i landbruksmessig samanheng.

7.5 Kulturminne

Det er gjennomført ei arkeologisk registrering i området ved Litlåsåsen i samband med planarbeidet. Det vart avdekka ei ny gravrøys innanfor planområdet, i området regulert til grønstruktur. I tillegg ligg det eit tidlegare registert gravminne i det same området. Desse er sikra med omsynssoa «Bandlegging etter lov om kulturminner» i planframlegget.

Kulturminne i Austrheim, ei båtstø som ikkje er freda, er sikra ved omsynssoa «Bevaring av kulturmiljø».

Planframlegget tek omsyn til kjente kulturminne og er difor vurdert til å ikkje få negative verknader for kulturminne.

7.6 Strandsone, natur, friluftsliv

I Austrheim kommune ligg det utvida arealet tett mot strandlina, men det er eit smalt område langs strandlina som ikkje er eigd av Statoil ASA. Dette arealet er ikkje innlemma i planen. Arealet som ligg innanfor planen er regulert til grønstruktur der det ikkje kan oppførast bygningar, konstruksjonar eller anlegg. Planlagt arealbruk blir vurdert til i liten grad å endre dagens situasjonen i strandsona. Bustadhuset som per i dag står på eigedomen vil bli ståande inntil vidare.

Det er ingen registrerte naturverdiar for dei utvida areal i Austrheim og Lindås. Planframlegget vil ikkje få negative verkander for viktig naturmiljø.

Toppen og sørvestsida av Litlåsåsen vert nytta til friluftsliv lokalt. Delar av området langs Litlåsåsen er vist med omsynssoa for friluftsliv. Planlagt industriområde er lokalisert utanfor denne omsynssoa nordaust for Litlåsåsen, i forlenginga av eksisterande industriområde. Det er sett av eit område med grønstruktur mellom nytt industriareal og toppen av Litlåsåsen i samsvar med kommunedelplanen. Dette området sikrar ein buffer mellom Litlåsåsen og industriområdet. I følge konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen vil ikkje bruk av område nordaust for Litlåsåsen til industriformål stenge for utøving av friluftsliv. Planforslaget vert vurdert til å ikkje få negative konsekvensar for friluftslivinteressene i området.

7.7 Trafikk

Planforslaget vil ha små konsekvensar for offentleg trafikk. Tilgrensande plan for Stormyra viser ein utbetra tilkomst til Mongstad Base. Eksisterande sammenbindingsveg vil bli oppgradert til betre standard og med gang- og sykkelveg fram til kryss med veg ned til offentleg kai. Resterande del av sammenbindingsveg innanfor Statoil sitt område er foreslått som ein intern veg utan offentleg trafikk.

7.8 Miljø, forureining, støy og inngrep

Planframlegget vil ikkje føra til auke konsekvensar, jf. ROS-analyse.

7.9 Vatn og avløp

Sjå eigen VA-rammeplan.

7.10 Risiko og sårbarheit

Risiko kan definerast som sannsyn kombinert med konsekvens. Risiko vert knytt til uønska hendingar. Der det vert vurdert at det føreligg ein viss risiko er det ikkje alltid mulig å fastslå verken konsekvens eller sannsynet for at ei hending opptre. Det blir derfor gjort ei vurdering av forholda i planområdet der ein nyttar tidlegare registreringar og synfaring i planområdet.

I risiko- og sårbarheitsanalysen er fylgjande definisjonar nytta om konsekvens og sannsyn.

Konsekvens	Menneskes liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdier / økonomi
Katastrofalt	Meir enn 1 død, eller fleire enn 10 alvorlig skadde/sjuka	Varig skade på miljø	Skadar for meir enn kr 30.000.000
Kritisk	Inntil 1 død, eller fare for inntil 10 alvorlig skadde personar.	Omfattande og langvarige miljøskadar som krev større tiltak.	Skadar mellom kr 5.000.000 – 30.000.000
Alvorlig	Alvorlig personskaade på ein eller fleire personar.	Moderate skadar på miljø, eller skader som krev mindre tiltak.	Skadar mellom kr 1.000.000 – 5.000.000
Ein viss fare	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming.	Mindre skadar på miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Skadar mellom kr 100.000 – 1.000.000
Ufarlig	Ingen eller små personskaader.	Ingen eller ubetydelig skade på miljø.	Skadar for inntil kr 100.000

Definisjon av konsekvensklassar

Sannsyn	Definisjon
Svært sannsynlig	Ei eller fleire hending per år.
Moderat sannsyn	Ei hending per 1 – 10 år
Sannsynleg	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	Ei hending per 100 – 1 000 år
Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1 000 år

Definisjon av sannsynsklassar

Vurdert konsekvens og sannsyn av ei hending vert plassert inn i ei matrise, der vektning av dei tre kartleggingsområda, menneskes liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar/økonomi er gitt. Vektinga vert gitt ved vurdering av dei ulike kartleggingsområda. Dersom registreringa viser at det er nødvendig med avbøtande tiltak, vert det foreslått risikoreduserande og/eller skadeavgrensande element som kan redusere risikoen slik at denne ligg innanfor eit akseptabelt nivå. Det er ikkje anslått sannsyn og risiko for alle tema. Dette gjeld der det ikkje er vurdert som aktuelt eller naudsynt. Felt utan anslag av sannsyn og konsekvens markert som gult er tema som skal utredast ved kvart enkelt tiltak.

Sannsyn		Konsekvens				
		Ufarlig	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg	5	1.5	2.5	3.5	4.5	5.5
Moderat sannsyn	4	1.4	2.4	3.4	4.4	5.4
Sannsynleg	3	1.3	2.3	3.3	4.3	5.3
Mindre sannsynleg	2	1.2	2.2	3.2	4.2	5.2
Lite sannsynleg	1	1.1	2.1	3.1	4.1	5.1
		1	2	3	4	5

Risikomatrixe der første tal angir konsekvens og andre tall angir sannsyn.

Akseptkriterium	
Røde felt	Medfører uakseptabel risiko. Risikoreduserande tiltak må gjennomførast.
Gule felt	Potensiell risiko. Det må vurderast om det skal gjennomførast risikoreduserande tiltak. Det kan her leggjast ein kost nytte analyse til grunn.
Grøne felt	Akseptabel risiko. Det kan likevel være nødvendig å gjennomføra risikoreduserande tiltak ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Akseptkriteria som vert nytta i risiko- og sårbarheits analysen.

Naturbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no				
Sterk vind		1.2	1.3	Området har en årsmiddelvind på 7,5 – 8,5 m/s. Sterk vind kan førekoma, spesielt frå sørvest. Planområdet er nordaustvendt, og ligg langt vest, ikkje langt frå havgapet. Kollar og høgdedrag sør i planområdet kan skjerme noko for vind frå sørvest. Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog- og bygningsskadar. Skadar som oppstår er gjerne som fylgje av lausrivne bygningselement og rotvelt av skog. Sikring av lause gjenstandar og fjerning av trer inntil konstruksjonar som kan ta skade ved rotvelt er førebyggjande tiltak.
Store nedbørmengder				Store nedbørmengder kan førekoma. Lausmassane i området varierer frå bart fjell til forvitringssmassar, torv og myr. Dette fører til variabel avrenning av overflatevatn. Landskapets topografi med myr og forskjellar i terrenget kan føre til opphoping av overvatn i myrområdet. Utbyggingsområde må sikrast tilfredstillande drenering. Det er utarbeida eigen VA-rammeplan som tek omsyn til overvatn.

Store snømengder				Planområdet ligg i ein oseanisk klimatisk sone med milde vintrar. Middelttemperaturen for januar er ca 2°C Store snømengder vert ikkje vurdert som ein potensiell risiko for området.
Flaumfare www.nve.no				
Flaum i elvar / bekkar			1.2	Det renn nokre mindre bekkar gjennom området. Det renn også nokre mindre sildrebekkar gjennom myrsøkk i planområdet. Ved området for trafo renn det i dag ein bekk ned skråninga og ned i myrområdet. Utbygging av trafoområdet kan føre til at denne vert lagt i røyr eller bekkeløpet vert lagt om. Det vert anbefalt at bekkar i planområdet vert beholdt som opne bekkar med moglege flaumsoner. Flaum i bekkar og elvar vert ikkje sett på som ei potensiell risiko for området.
Flaum i vassdrag/ innsjøar				Det ligg nokre små dammar innafør planområdet, desse er så små at flaum i desse ikkje vert sett på som ei potensiell risiko for planlagde tiltak.
Overvasshandtering				Ved utbygging av området må overvassdrenering sikrast. Utbyggingsområde må sikrast tilfredstillande drenering for å unngå oppsamling av overvatn i området. Det er utarbeida eigen VA- rammeplan som tek omsyn til overvasshandtering innanfor området
Springflod / stormflod				Planområdet grensar til sjø i eit avgrensa område. Det er ikkje planlagt nye tiltak som vil verta råka av spring- eller stormflod.
Historisk flomnivå				Det er ikkje registrert historisk flaumnivå i området
Skredfare www.skrednett.no				
Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i planområdet.
Lausmasseskred				Det er mindre mengder forvitningsmateriale i skråninga opp mot Mølefjellet. Skråninga mot Storemyra er stadvis opp til ca 30° . Skråninga bør undersøkast for skredfare før område I-6 vert utbygd.
Is – og snøskred				Det er ikkje vist område i NGU sin skreddatabase som er potensielle utløysingsområde for snøskred. Planområdet ligg i ein oseanisk klimatisk sone med milde vintrar. Middelttemperaturen for januar er ca 2°C Store snømengder vert ikkje vurdert som ein potensiell risiko for området. Skråninga ned mot Storemyra er stadvis opp til ca 30°. Skråninga bør undersøkast for snøskredfare før område I-6 vert utbygd.
Steinras, steinsprang				Det er ikkje vist område i NGU sin skreddatabase som er potensielle utløysingsområde for steinskred eller steinsprang. I samband med etablering av trafostasjon sør i området vil det bli etablert skjeringar. Trafostasjonen vil få planeringsnivå på rundt 65 moh, og skjeringar vil få høgde på ca 10 – 15 m. I samband med etablering av skjeringar må det gjennomførast reinsk og evt. sikring av desse. Skråninga frå Mølefjellet har nokre bratte skrentar ned mot Storemyra. Det bør gjennomførast skredfarevurdering før område IND-8 vert utbygd.
Historiske hendingar				Det er ikkje registrert historiske hendingar med skråningsprosessar som steinsprang og skred i

				planområdet.
Byggegrunn www.ngu.no				
Setningar			2.1	Grunnforholda i planområdet varierer frå bart fjell til forvittringsmassar, torv og myr. Ved etablering av konstruksjonar og anlegg på områder med myr må grunnen masseutskiftast for å tilfredstille krava til god byggegrunn.
Utgildingar			2.1	Grunnforholda i planområdet varierer frå bart fjell til forvittringsmassar, torv og myr. I planlagt utbyggingsområde er det ikkje skråningar som er venta å medføre utgilding av byggegrunnen.
Radon	1.2			Radon vert ikkje sett på som eit problem i området. Det vert likevel tilrådd at nye bygg for opphald vert oppført med membran/ radonduk og sikra riktig ventilasjon for å forhindre eksponering av radongass. Tiltaksgrensa for radon konsentrasjonen i bygg for varig opphald er sett til 100 Bq/m ³ og maksimalnivå er sett til 200 Bq/m ³ . Lindås kommune gjennomførte kartlegging av Radon i bustadhus 2000/2001. Undersøkinga viser at Lindås har lite sannsyn for farlege konsentrasjonar i bustadhus. Ved gjennomførte tiltak vert ikkje radon vurdert som ein potensiell risiko.
Plante og dyreliv www.dirnat.no				
Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase.
Dyr				Ingen sårbare artar eller registreringar i naturbase.
Fuglar				Ingen sårbare artar eller registreringar i naturbase.
Andre uønska hendingar				
Skog- og vegetasjonsbrann		2.2	2.2	Planområdet har store areal med lynghei som er i ferd med å vekse att. Det er også ein del skog i området. Ein gras- og lyngbrann kan lett utvikle seg til ein større brann med konsekvensar for bustadhus, andre bygningar og kritisk infrastruktur. Verksemda Statoil Mongstad er ei "Storulykke bedrift" og sender jamlege sikkerhetsrapportar til DSB, minimum kvart femte år. Statoil har eigen beredskap på sitt område. Kommunen har brannbil plassert på Lindås og utrykingstid til området er rekna til 15 min (Kjelde: ROS analyse - KDP Lindåsneset med Mongstad). Planforslaget er ikkje vurdert å medføre auka brannfare for planområdet, men dagens sikkerheit må oppretthaldast også i det nye området. Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet. Får å redusere faren for vegetasjonsbrann bør vegetasjon fjernast rundt mulige tennkilder.
Jordskjelv				Jordskjelvfaren i Noreg er moderat. Det er berre registrert nokre få historiske jordskjelv som har gitt skadeverknader på bygningar og infrastruktur. Bygg må dimensjonast og konstruksjonen må fylgje gjeldande byggetekniske forskrifter til dimensjonering.

				Ved etablering av infrastruktur for olje og gass innanfor området bør konstruksjonar bereknast for å tole påkjenninga av mindre skjelv.
--	--	--	--	---

Verksemdsbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon				
Brann- og eksplosjonsfare				<p>Verksemda Statoil Mongstad er ei "Storulykke bedrift" og sender jamlege sikkerheitsrapportar til DSB, minimum kvart femte år. Statoil har eigen beredskap på sitt område. Kommunen har brannbil plassert på Lindås og utrykingstid til området er rekna til 15 min.</p> <p>Fleire verksemdar på dagens industriområde har aktivitet som kan medføre brann og eksplosjon. Det vil også kunne bli etablert liknande verksemdar i det nye området (Kjelde: ROS analyse - KDP Lindåsneset med Mongstad). Det er innanfor det utvida området planlagt nytt faklingsområde (I – 6).</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>
Energitransport				
Høgspenning				<p>Det går høgspenningline gjennom planområdet. Dette er ei 300 (420) kv line. Det er planlagt nye 300 (420) kv høgspenninglinjer gjennom området. Det skal i tillegg plasserast ein ny transformatorstasjon innanfor området.</p> <p>Utbygginga er første del av utbygging av ringnett for 300 kv Mongstad – Kollsnes og Modalen - Kollsnes.</p> <p>Det omsøkte tiltaket vert handsama etter energilova om konsesjon for bygging og drift.</p> <p>Statens strålevern har utarbeida eit rettleiande dokument der nye byggegrenser/utredningsnivå vert lagt til grunn. Dette med grunnleggjeving i at det er forskingsrapportar som peikar på ei auka fare for leukemi blant barn ved langtidseksponering av elektromagnetiske felt på over 0,4 mikrotlesla.</p> <p>Den internasjonale strålevernkommissjonen (ICNIRP) anbefaler at menneske ikkje vert utsett for akutte effektar av elektromagnetisk stråling på over 100 mikrotlesla. Dette er ein svært høg styrke. Styrken på magnetfelte rundt høgspenningliner aukar med straumstyrken og minkar med avstanden.</p>

				<p>Statens Strålevern legg følgjande byggegrenser til grunn for høgspenlinjer i standard oppheng.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Spenningsnivå (kilovolt)</th> <th>Straumstyrke (Ampere)</th> <th>Avstand i meter som gir 0.4µT</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>22</td><td>150</td><td>15</td></tr> <tr><td>22</td><td>200</td><td>18</td></tr> <tr><td>66</td><td>200</td><td>20</td></tr> <tr><td>66</td><td>300</td><td>25</td></tr> <tr><td>132</td><td>300</td><td>35</td></tr> <tr><td>132</td><td>400</td><td>40</td></tr> <tr><td>300</td><td>450</td><td>60</td></tr> <tr><td>300</td><td>650</td><td>70</td></tr> <tr><td>420</td><td>800</td><td>85</td></tr> <tr><td>420</td><td>1100</td><td>100</td></tr> </tbody> </table> <p>Det er i samband med planlegging av lina sett eit klausuleringsbelte på 20 m til kvar side av planlagt høgspenline. Det kan innanfor dette beltet ikkje plasserast bygningar større enn 50 m² og opphald i bygningane skal vere av kortare periodar. Rundt transformatorstasjonen er det sett av ei sikkerheitssone på 30 meter. Det er i planforslaget regulert sikringssoner rundt høgspentanlegg.</p>	Spenningsnivå (kilovolt)	Straumstyrke (Ampere)	Avstand i meter som gir 0.4µT	22	150	15	22	200	18	66	200	20	66	300	25	132	300	35	132	400	40	300	450	60	300	650	70	420	800	85	420	1100	100
Spenningsnivå (kilovolt)	Straumstyrke (Ampere)	Avstand i meter som gir 0.4µT																																			
22	150	15																																			
22	200	18																																			
66	200	20																																			
66	300	25																																			
132	300	35																																			
132	400	40																																			
300	450	60																																			
300	650	70																																			
420	800	85																																			
420	1100	100																																			
Gass				<p>Det føregår transport av gass innanfor området. Det er planlagt nytt faklingsområde.</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>																																	
Forureina vatn																																					
Drikkevasskjelde				<p>Det ligg innanfor området høgdebasseng for drikkevatt og prosessvatt. Høgdebassenga ligg like sør for planlagt transformatorstasjon T-1. Det er ikkje venta at eksisterande høgdebasseng vil bli påverka av planforslaget. Det er ikkje registrert drikkevasskjelder i form av brønner e.l. innanfor området som er venta å verta påverka av planforslaget.</p> <p>Planforslaget legg til rette for etablering av nye høgdebasseng i område IND-5. Dette vil vere høgdebasseng med drikkevatt og prosessvatt.</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>																																	
Badevatt, fiskevatt, vassdrag og liknande.				<p>Det er ikkje badevatt, fiskevatt eller vassdrag innanfor området.</p>																																	

Nedbørsfelt				Sjå punkt om Kjemikalieutslepp.
Grunnvassnivå				Ved tilrettelegging av industriareal, vegar og transformatorstasjon vil det medføre sprenging av fjell. Det er på Storemyra noko torv og myr. Det er ikkje venta at nye anlegg vil bli etablert på lausmassar og at endringar i grunnvassnivået vil utgjere risiko for endringar i grunntilhøva.
Forureining – grunn www.sft.no				
Kjemikalieutslepp				<p>Det er ikkje registrert forureina grunn i utvidinga av planområdet. Innanfor industriområdet er det registrert grunnforureining på fylling 6, fylling 8 og fylling 9. Påverkingsgrad er 02 – som tilseier akseptabel forureining med dagens areal og reseipientbruk.</p> <p>Statoil Mongstad har godkjenning frå SFT til utslepp i medhald av tillating frå 10.05.2007. Dersom det oppstår endringar i drifta eller det føreligg planar om nye tiltak som vil medføre utslepp skal bedrifta søke om endring av tillatinga sjølv om utsleppa ligg innanfor fastsette grenser.</p> <p>Statoil Mongstad er pliktig til å redusere forureininga så langt som mulig.</p> <p>Det vert gjennomført reinsing av avlaupsvatn, overflatevatn og sanitæravlaupsvatn.</p> <p>Statoil Mongstad gjennomfører kontinuerlig miljørisikoanalyser av si verksemd der potensielle kjelder til akutt forureining vert kartlagt. På bakgrunn av miljørisikoanalysen er det utarbeidd beredskapsplanar ved akutt forureining.</p> <p>Bedrifta gjennomfører målingar og berekningar av utslepp til luft og vatn, samt støy i omgjevnadene. Det vert årleg rapportert til SFT om status og utvikling av beredskap mot akutt forureining.</p> <p>Det vert føresett at eksisterande beredskap mot akutt forureining vert gjeldande for det utvida området.</p> <p>Det vert vurdert at det er sannsynleg at akutt forureining vil førekoma, men med bakgrunn i gode beredskapsrutinar er det venta at konsekvensen vil vere avgrensa.</p> <p>Det vert vist til godkjenning frå SFT i sin heilskap for utfyllande informasjon.</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>
Forureining - luft				
Støv/partiklar/røyk				Det er innanfor utvidinga av industriområdet planlagt faklingsområde (IND-6)

				<p>Bedrifta er i følge godkjenninga frå SFT pliktig til å overhalde utsleppsavgrensingar som gjeld for alle anlegg tilknytt raffineri, NGL- anlegg, tankanlegg, fjellhallar og laste/losseoperasjonar ved terminal/kaiar, samt kraftvarmeverk.</p> <p>Det vert vist til godkjenning til utslepp frå SFT i sin heilskap for utfyllande informasjon.</p> <p>Ved brannøvingar vert det nytta lett fyringsolje og lettare produkt. Det er ikkje tillate å brenne avfall innanfor området. Det føreligg beredskaps planar som føreset at oljebrannar skal sløkkjast innan 2 minutt etter påtenning, sli at røykutviklinga vert minst mogleg. Det er ikkje tillate å avhelde øvingar dersom vindstyrken og vindforholda er slik at røyk kan førast inn over nærliggjande busetnad.</p> <p>Bedrifta er pålagd å nytte best tilgjengeleg teknologi i reinsing av utslepp.</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>
Støy				<p>Bedriftas krav til støy i omgjevnadene skal ikkje overstige 45 dB (A), målt ved næraste bustadhus, eller annan bustad som evt. vil bli meir støyutsatt. Høgaste maksimale lydnivå målt i dB (A)- fast skal ikkje overstige grenseverdien for ekvivalentnivået med meir en 10 dB(A).</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det for kvar enkelt utbyggingstiltak skal gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet.</p>
Lukt				<p>Det kan i forbindelse med drift og brannøvingar førekomme utslepp som medfører lukt. Retningsliner som gjeld for drift og reinsing vil vere avbøtande tiltak på lukt frå anlegget. I samband med fakling kan det tidvis oppstå lukt frå anlegget.</p> <p>Planframlegget legg til grunn at det kan etablerast eit nytt anlegg for fakling. Dette vil vere eit supplerande anlegg ved ei mogleg framtidig utviding av prosessområdet.</p> <p>Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om eigne utredingar ved tiltak innanfor gjeldande område.</p>
Friluftsliv og tilgjenge til sjø www.hordaland.no				
Fri ferdsel langs sjø				Utviding av industriområdet medfører ei utviding av friluftsområde i sjø i nordre del av industriområdet. Det er ikkje planlagt ny tiltak som vil avgrense fri ferdsel langs sjø.
Friluftsliv				Det er ikkje registrert bruk av området til friluftsliv.

Risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare www.vegvesen.no				
Trafikkulykker på veg	2.3		1.4	<p>Det er ikkje etablert veg gjennom området. Der er derfor ikkje registrert ulykker innanfor det utvida industriområdet.</p> <p>Det er planlagt kjøyreveg fram til område for transformatorstasjon (EA).</p> <p>Vegen er planlagt med 6 m kjørebane og er internveg for industriområdet. Farten på internvegane er avgrensa noko som påverkar eit eventuelt skadeomfang. Risikoreduserande tiltak vil vere god skilting og eintydig vegnett.</p>
Forureining				
Støv/partiklar				Del av Rv 57 passerar på vestsida av planområdet. ÅDT er ca 4000 - 8000. Planområdets lokalisering og Litlåsfjellet og Mølefjellet ligge mellom Rv 57 og planområdet. Topografi samt klimatiske tilhøve tilseier at støv og partiklar frå vegtrafikk ikkje utgjer ein potensiell risiko for planområdet.
Støy				Trafikkmengda og Rv 57 s lokalisering i forhold til planområdet tilseier at vegtrafikkstøy ikkje er vurdert som ei ulempe for planområdet. Det er ikkje planlagt bustader i planområdet. Støy frå veg vert ikkje vurdert som ein risiko for planområdet eller planlagt arealbruk.
Lukt				Det er ikkje registrert luktproblem i tilknytning til infrastruktur i området.
Utslepp/ kjemikaliar				Frå Mongstad går det 25-30 tankbilar i døgnet (kjelde: FylkesROS). Dette er store tankvogner som har last på opptil 30 000 liter oljeprodukt. E 16 mellom Bergen og Voss og E-39 gjennom fylket er av dei vegstrekningane der det går mest farleg gods. Statistikken syner at kjøretøy med farlig last forholdsvis ofte er involverte i trafikkulykker, men det er likevel sjeldan ulykker der farleg gods representerer ein fare for sjåføren eller andre trafikantar. Når det er nødvendig med omkøyning på smalare vegar kan dette truleg føre til noko auka risiko for ulykker (utdrag frå FylkesROS).
Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre www.vegvesen.no				
Veg				Rv 57 er hovudvegen forbi planområdet. ÅDT er 4000 – 8000. Det er registrert ei rekke ulykker med lettare skadd, alvorleg skadd, svært alvorleg skadd og drepen person langs tilgrensande vegnett. Trafikkulykker på tilgrensande vegnett kan medføre svekka infrastruktur til planområdet for kortare periodar. Det finst alternative omkjøringsvegar til planområdet via Rv 565. Planlagde vegar i planområdet og på tilgrensande område kan ved

				trafikkale hindringar nyttast til midlertidige omkjøringsvegar.
Sjø				Planområdet ligg til sjø. Utvidinga som grensar til sjø gjeld eit mindre areal for parkbelte og friluftsområde i sjø. Planframlegget er ikkje vurdert å medføre auka trafikk på sjø. Det er vurdert som sannsynleg at det kan oppstå ulykker på sjø. Dette har samanheng med stor trafikk til området. Konsekvensane av ei ulykke vil kunne vere midlertidig blokkering av farlei, utslepp til miljøet og store økonomiske konsekvensar. Ulykker på sjø er ikkje vurdert å få større konsekvensar for planlagt utviding av planområdet.
Luft				Næraste flyplass er Flesland lufthamn. Planområdet er vurdert å ikkje vere særskilt utsett for luftfartsulykker.

8 Skildring av endringer

Følgjande endringar er gjennomført:

- Omlegging av vegar
- Transformatorstasjon med sikringssonar høgspent 420 kV
- Nye industriområde
- Grøntstruktur
- Nytt kulturminne

8.1 Plankart

- Plankart er oppdatert med formål ihht. Ny plan- og bygningslov frå 2009
- Gnr. 127 bnr. 123 i Lindås kommune og Gnr 128 bnr. 19 og 23 i Austrheim kommune er innlemma i reguleringsplanen og regulert til grønstruktur
- Det er sett av område for tranformatorstasjon
- Vegsystemet internt i industriområde er lagt om
- Fakkeldområde er flytta
- Omsynssone for høgspenningsanlegg er justert
- Inndelinga av det tidlegare parkbeltet er justert (Austrheim)

8.2 Reguleringsføresegner

Reguleringsføresegnene er oppdatert i samsvar med ny plan- og bygningslov og justert i samsvar med endringar i reguleringsplankartet. Det er ikkje gjort endringar i føringane for arealbruk innanfor gjeldande reguleringsplan.

9 Merknader til varsel om oppstart med kommentarar

Nedanfor følgjer ei oppsummering av innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeid med forslagstillar sine kommentarar.

9.1 Oversikt

Uttale frå offentlege instansar:

1. Statens vegvesen, mottatt 9.8.2011
2. Norges vassdrags- og energidirektorat, mottatt 30.8.2011
3. Hordaland fylkeskommune – kultur og idrettsavdelinga, mottatt 7.9.2011
4. Bergen og Omland havnevesen, mottatt 7.9.2011
5. Fylkesmannen i Hordaland, kommunal og samfunnsplanavdelinga, mottatt 19.9.2011

Uttale frå private:

1. Svanhild og Bjarne Neteland, Mongstadvegen 1290, mottatt 10.8.2011
2. Heidi og Terje Litlås, Litlåsveien 170, mottatt 15.8.2011
3. Kjell Gunnar og Anne Jorunn Håkull mfl, 31.8.2011

9.2 Uttale frå offentlege instansar:

1. Statens vegvesen, mottatt 9.8.2011

«Statens vegvesen føreset at handbok 017 vert lagt til grunn ved dimensjonering og utforming av trafikktiltak innanfor planområdet. I arbeidet er det viktig at miljøkonsekvensar av planlagt utbygging vert vurdert og avbøtande tiltak vert innarbeidd som del av reguleringsplanen. Dette gjeld mellom miljøulemper som støy, støv og anna forureining.»

Kommentar:

Handbok 017 er lagt til grunn for planarbeidet. Planforslaget har ikkje konsekvensar i forhold til støy eller anna ureining frå vegtrafikk.

2. Norges vassdrags- og energidirektorat, mottatt 30.8.2011

«NVE har ingen innspel til arbeidet.»

Kommentar:

Ingen kommentar

3. Hordaland fylkeskommune-kultur- og idrettsavdelinga, mottatt 7.9.2011

«(...) Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.»

Arealet omfattar både tidlegare regulerte områder og noe nytt areal. I reguleringsplan for utviding av Mongstad sør er det kjend automatisk freda kulturminne. Planområdet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne og det vil derfor verte naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle § 9 i kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune kan mellom anna reisa motsegn mot planar som er konflikt med viktige kulturminneinteresser.

Det vil verte utarbeidd eit kostnadsoverlag og oversendt i eige brev. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane ved ei slik undersøking, jf Kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi vil minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3+1 månader etter planen er lagt ut til offentleg høyring, jf Kulturminnelova § 9.

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning.

Den arkeologiske registreringa er gjennomført og denne har avdekka eit nytt automatisk freda kulturminne, ei gravrøys. Denne er lokalisert heilt sør i planområdet, i område regulert til grønstruktur. I tillegg ligg ei av dei tidlegare kjente gravminna innafør planområdet. Det er sett av ei omsynssone rundt kulturminna.

4. Bergen og Omland havnevesen (BOH), mottatt 7.9.2011

«Vi har ingen merknader, men forutsetter at vi får tilsendt reguleringsplanen til uttale så snart den foreligger.

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf havnl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltaket iverksettes.»

Kommentar:

Orientering om søknadsplikt er innarbeidd i føresegnene.

5. Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, mottatt 19.9.2011

«Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Vi viser til merknadane på temasida vår om planlegging: www.fmho.no/planlegging. Vi viser særleg til delane om «Oppstart» og «Detaljeringnivå i reguleringsplanar». Vi ventar at desse signala vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Fylkesmannen tek atterhald om å kome med innspel/merknader når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.»

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning.

9.3 Uttale frå private:

1. Svanhild og Terje Neteland, Mongstadvegen 1290, gnr. 128, bnr. 2 (Austrheim) mottatt 10.8.2011

Viser til at planarbeidet også omfattar gnr. 128 bnr. 41. Bnr. 41 er nausttomt til bnr. 2 og 18. Det er også gangrettar over bnr. 19. Grunneigar på gnr. 2 ser det som ein fordel at området vert regulert og at nye grensemerke vert satt opp. Grunneigar har skylddelingsbrev og utskiftingsbrev. Det må også leitast etter gamle grensemerke i terrenget. Grunneigar bidreg med dei opplysningane han har.

Bnr. 19 er eit svært fint område som fortsatt ligg mellom bygda Leirvåg og industriområdet. Det som er av landbruksareal på bnr. 19 vert hausta av bnr. 2. området bør fortsatt takast vare på som ein del av LNF-området i Leirvågen.

Kommentar:

Etter varsel om oppstart er det gjennomført kartforretning for gnr. 128 bnr. 19. Planavgrensinga er justert i samsvar med desse grensene. Gnr. 128 bnr. 2 og 41 ikkje lenger innanfor planområdet. Bnr. 19 er regulert til grønstruktur der det ikkje kan oppførast bygningar, konstruksjonar eller anlegg. Det kan ikkje føregå industriell aktivitet i dette området.

2. Heidi og Terje Litlås, Liltåsveien 170 mottatt 15.8.2011

«Det må ikke tillates noen form for bygging eller andre inngrep på toppene i området Liltåsfjellet-Hope-Hellestveit. Industrien fikk i sin tid kjøpe opp til toppene for å ha tilstrekkelig buffersone mot det som nå er igjen av eiendommene på Litlås og Hope. Industritomter skal aldri ligge på de høyeste toppene i omgivelsene. Austrheims høyeste punkt ligger i dette området. Det er nå regulert og planer om regulering av betydelig mer areal til industri i både Austrheim og Lindås kommune. Mangel på areal er derfor ikke argument. Området er brukt som tur/friluftsområde med oppmerkede turstier. Det må fremdeles få ligge som friområde. Det bør reguleres for industritomter osv på flatene inn mot kanten av fjellet/åsryggen. Skråningen opp mot, og toppene må få ligge som det var ment som. Buffersone/friområde mellom industri og bygdene Litlås og Hope.»

Kommentar:

Det skal ikkje etableres industriaktivitet i område opp mot Litlåsåsen. Utvidinga av industriområde skjer innanfor området sett av til framtidig næringsområde i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad, N-2. Arealet sett av til LNF-område i kommunedelplanen er sett av til grønstruktur i reguleringsplanen. Det er nedfelt i føresegnene at det innanfor dette området ikkje er høve til å føre opp konstruksjonar eller anlegg med unntak av høgspenlinje vist i kartet. Skråninga opp mot åsryggen vil ha funksjon som ei buffersone mellom industriområde og busetnaden i Litlås og Hope.

3. Kjell Gunnar og Anne Jorunn Håkull- Litlåsvegen 54, Dagfinn og Gunvor Hope – Liltåsvegn 87 og Øyvind og Liv Marit Hope – Litlåsvegen 72, mottatt 31.8.2011

«(...) Me er bebuarar på gnr. 126, bnr. 1, 28, 29, 7, 17, 19 og 42, og vil med dette klage på den satte reguleringsgrensa i det nye planområdet som ligg inn mot våre eigedommar. Me krev at reguleringsgrensa vert flytta lenger aust for å sikra avstand mellom bebyggelse/privat grunn og industri. Høgdedraget må fungere som buffer, slik at ein hindrar støy og visuell forureining/kontakt med industrien. Dersom reguleringsgrensa ikkje vert flytta lenger aust, må minst 250 meter inn i det nye planområdet regulerast til buffersone mot privat eigedom. Då

Rafinor overtok dette området frå oss tidleg på 1970-tallet, var argumentet for å gå så langt vest at dette området skulle fungere som ei buffersone mot oss som bur på Hope. Dette forventar me vert vidareført i denne reguleringsplanen som no er under utarbeiding. Me forventar og at me vert tatt med i det vidare planarbeidet, då utfallet av planen vil ha stor betydning for oss som nære naboar til Statoil Mongstad.»

Kommentar:

Utvidinga av industriområdet skjer innanfor området sett av til framtidig næring i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad, N-2. Det er regulert ein grøn buffer mot vest og føresegna i kommunedelplanen om at utbygging i N-2 ikkje skal bryte med horisonten over Liltåsen sett frå Hope og Keilen er lagt til grunn for føringar i reguleringsplanen når det gjeld byggehøgder.

10 Vedlegg

1. Plankart M 1:5000
2. Reguleringsføresegner
3. Kulturminnerapport
4. Kartvedlegg kulturminneplassering
5. VA-rammeplan
6. Innspel til varsel om oppstart av planarbeid juni 2008
7. Innspel til varsel om utvida planområde november 2008
8. Kopier vedrørende varslings